



## Høyringsbrev

### Lokale forskrifter etter ny opplæringslov 01. august 2024

Høyringsutkast for lokale forskrifter i Ulvik herad.

Høyringsfrist er sett til 14. mai 2024. Høyringsinnspel som kjem etter det vil ikkje verta vurdert. Saka skal til politisk handsaming og fristane er korte.

Alle høyringsinnspel skal sendast til via skjema som du finn her:

<https://www.ulvik.kommune.no/planar-og-strategiar/hoyringar/>

Kommunar og fylkeskommunar pliktar å sørgja for høyring, vedtak og offentleggjering av eigne lokale forskrifter i samsvar med ny opplæringslov som trer i kraft 01.august 2024.

Den nye opplæringslova inneheld fleire avgjerder der kommunar og fylkeskommunar **skal** gje forskrifter, i tillegg til område der dei **kan** gje forskrifter.

Vedlagt følgjer 5 høyringsutkast.

1. Lokal forskrift om permisjon frå opplæringa i Ulvik herad
2. Lokal forskrift om skulefritidsordning i Ulvik herad
3. Lokal forskrift om skulereglar og skuledemokrati for grunnskulen i Ulvik herad
4. Lokal forskrift om hovudmål ved grunnskulen i Ulvik herad
5. Lokal forskrift om skuleruta 2024/2025, Ulvik herad

Alle 5 forskrifter skal kunngjerast på Lovdata. Frist for å kunngjera dei nye forskriftene som kommunane skal laga, er 01.august 2024. Før kunngjering må dei vera høyrde og vedtekne i Ulvik heradsstyre. I første omgang kjem no høyring av dei 3 første forskriftene.

#### 1. Lokal forskrift om permisjon frå opplæringa i Ulvik herad

Formålet med denne forskrifta er å sikra at alle elevar i kommunen får like reglar å forhalda seg til. Permisjon frå grunnskuleopplæringa er regulert gjennom opplæringslova § 2-2 fjerde og femte ledd:

*« Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skolen»*

*« Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet.»*



Ulvik herad

Opplæringslova som trer i kraft 01.08.2024 har ikkje ei øvre grense for kor lang permisjon ein elev kan få. Dette skal no fastsetjast i lokal forskrift. Det er presisert i opplæringslova at permisjon frå opplæringa berre skal innvilgast når det er forsvarleg, og at forskrifta bør vera restriktiv.

### **Krav om lokal forskrift og kva som skal avgjerast i forskrifta:**

- Kor lang permisjon som kan innvilgast
- Kor mange permisjonar ein elev kan få
- Kva formål det kan innvilgast permisjon til
- Korleis søknader om permisjon skal handsamast

Det skal i kvart enkelt tilfelle gjerast ei individuell vurdering om det er forsvarleg å gje eleven permisjon. Ingen elevar har ein automatisk rett til å få permisjon frå opplæringa.

### **Tidsavgrensingar for permisjon**

Ulvik herad skal gjennom lokal forskrift setja rammer for tal dagar elevane kan få innvilga permisjon. Hovudregelen er at alle elevar skal vera på skulen alle skuledagar. Det er 190 skuledagar i eit skuleår, og elevane har 175 dagar til feriar og andre aktivitetar. Eit viktig premiss for læring fagleg og sosialt er at elevane er til stades på skulen i skuletida. Forslaget til lokal forskrift er grunna i at ein tenkjer at elevane i størst mogleg grad må vera på skulen for å læra, og at enkle og føreseielege reglar gjer det lettare for skule, foreldre og elevar å vita kva som gjeld. Ulvik herad føreslår derfor at me set eit samla tak på 10 dagar permisjon i løpet av eit skuleår. Dersom føresette ynskjer å prioritera andre aktivitetar som ikkje er foreinleg med dette kravet, opnar opplæringslova §2-2 første ledd for at dei kan undervisa borna sjølve. Kommunen skal då føra tilsyn med om opplæringa foreldra gjev, er i samsvar med krava i opplæringslova, jfr. § 22-5.

## **2. Lokal forskrift om skulefritidsordning i Ulvik herad**

I gjeldande opplæringslov er det ei plikt for kommunen å ha vedtekter for SFO. I ny lov er kommunen pliktig til å ha reglane for SFO i ei forskrift. Forskrifta skal ha reglar om eigarforhold, opptaksmyndigheit, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing, foreldrebetaling, leike- og opphaldsareal, opningstider, personale og leiing. Kommunen skal ha tilbod om SFO før og etter skuletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Kommunen skal leggja til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i SFO. I SFO skal borna få omsorg og bli passa godt på, og born med nedsatt funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Kommunane skal sørgja for at saka er så godt opplyst som mogeleg før forskrifta vert vedteken. Forskrifter skal på høyring, slik at dei som vil bli råka får høve til koma med synspunkta sine. Når høyringsfristen er avslutta og ein har teke stilling til innspela, skal forskrifta vedtakast av Ulvik heradstyre.

Alle som ynskjer det, kan senda svar og innspel på høyringa.



Ulvik herad

### 3. Lokal forskrift om skulereglar og skuledemokrati for grunnskulen i Ulvik herad

Kommunen skal gje forskrifter om skulereglar (tidlegare overordna ordensreglement). Det er nytt at skulereglane også skal innehalda informasjon om organisering av skuledemokratiet i tillegg til rettar og plikter for elevane inkludert orden og åtferd:

Opplæringslova § 10-7:

*« Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for eleven, mellom anna om orden og oppførsel (skulereglar).»*

Skulereglane skal vera felles for alle skular i kommunen og dei skal fastsetjast i forskrift.

**Når det gjeld regel om bortvising frå undervisning som reaksjon**, så følgjer det av ny opplæringslov §13-1 at skulen v/ rektor kan gjera dette ved gjentekne brot eller grove brot på skulereglane i inntil 1 dag for 1.-7. trinn, og inntil 3 dagar for elevar på 8.-10. trinn om dette er ein reaksjon som er fastsett i skulereglane. Det er likevel presisert at terskelen for bortvising skal vera svært høg og gjelda i unntakstilfelle. Denne forståinga er utgangspunktet for lokal forskrift om skulereglar og bortvising som tiltak. Departementet viser også til at ei vurdering av barnets beste som regel vil tilseie at bortvising ikkje bør nyttast som eit tiltak.

§ 13-1 Bortvising første ledd:

*«Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje i forskrift om skulereglar etter § 10-7 at elevane kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skulereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen.»*

I første ledd kjem det tydeleg fram at bortvising som reaksjon ikkje kan nyttast om det ikkje er fastsett i skulereglane. Bortvising kan også berre gjelda om det er gjentekne eller grove brot på skulereglane, ikkje for brot på andre reglar som t.d. reglane i opplæringslova. Det er ein inngripande reaksjon ovanfor eleven det gjeld, og andre reaksjonar skal alltid vera prøvd før bortvising vert gjennomført.

Det viser opplæringslova § 13-1 andre ledd til:

*« Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.»*

Denne regelen gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Skulen har altså ikkje heimel for å bortvisa ein elev frå undervisninga om andre og mindre inngripande tiltak er nok.

Skulereglane skal innehalda reglar for det som er viktigast for elevane i skulekvardagen deira. Særleg framhevar departementet reglar om plikter og avgrensingar innanfor elevane sin handlingsfridom.

Skulereglane skal seia noko om:

- Korleis skulen organiserer elevdemokratiet (§§ 10-4 og 10-5); som elevråd og foreldremedverknad



## Ulvik herad

- Kva rettar og plikter som gjeld for elevane, blant anna orden og åtferd
- Om kva tiltak og reaksjonar som kan setjast i verk ved brot på skulereglane. Ved brot på skulereglane kan skulen berre setja i verk reaksjonar som er fastsette i skulereglane.

Skulereglane er først og fremst retta mot elevane og det betyr at elevane skal forstå skulereglane. Det er viktig at elevane vert høyrte og får uttala seg om skulereglane før dei vert vedtekne.

### **4. Lokal forskrift om hovudmål ved grunnskulen i Ulvik herad**

Kommunen/fylkeskommunen **skal** også gje forskrift om kva skriftspråk (nynorsk eller bokmål) som skal vera hovudmål på kvar skule. Dette følgjer av [ny opplæringslov § 15-2 første ledd](#). Skilnaden frå tidlegare forskrift er at forskrifta no skal kunngjerast på Lovdata innen 1. august 2024.

Ulvik herad er ein kommune som nyttar nynorsk som skriftspråk i alle kommunale tenester, inkludert barnehage og skule. Forskrifta følgjer dette opp, og seier at nynorsk er hovudmålet i grunnskolen i Ulvik herad, Vestland.

### **5. Lokal forskrift Skulerute**